

## Føresegner

### Endring av reguleringsplan for Holvik, gnr. 138 bnr. 163 og 189, Vågsøy kommune

Dato: 10.03.2009, vedtatt i sak K-036/09 den 24.06.2009

#### §1 Generelt

- 1.1 Disse føresegnene gjeld for området innanfor plangrensa på plankartet. Utbygging av området skal skje i samsvar med plankartet og føresegner.
- 1.2 Føresegnene kjem i tillegg til det som vert bestemt i plan- og bygningslova med forskrifter, samt vedtekter til plan- og bygningslova vedtekne av kommunestyret i Vågsøy kommune.
- 1.3 Etter at desse føresegnene er vedtekne, er det i planområdet ikkje tillate å inngå privatrettslege avtalar i strid med reguleringsføresegnene.
- 1.4 Området er regulert til følgjande formål:
  - Område for bustader med tilhøyrande anlegg
  - Fellesområde parkeringsplass

#### §2 Felles føresegner

##### 2.1 Byggesøknad

Ved innsending av byggesøknad skal det utarbeidast situasjonsplan som viser private uteareal, parkering og planlagt oppdeling av seksjonar på eigedomen.

##### 2.2 Byggegrenser

Byggegrenser er vist på plankartet. Der byggegrenser ikkje er vist, gjeld reglane i pbl. §70.

#### §3 Byggeområde B1, Område for bustader med tilhøyrande anlegg

##### 3.1 Formål

Innanfor formålsområdet er det tillate med bustader innanfor eksisterande bygningsmasse. Eksisterande bygg kan maksimalt byggast om til totalt tre bueiningar.

##### 3.2 Nye bygg

Det er tillate å setje opp felles garasje innanfor planområdet. Byggelinjer er vist på plankartet.

Garasje skal tilpassast øvrig bebyggelse i området i materialbruk, form, farge og storleik.

Garasje skal ha saltak med vinkel mellom 27 og 35 grader, og maksimal mønehøgde på 4,5 m målt frå gjennomsnittleg planert terreng.

##### 3.3 Utnyttingsgrad

Utnyttingsgrad er sett til %BYA= 35%.

##### 3.4 Kulvert

Kulvert som går gjennom austre del av egedomen skal vere tilgjengeleg for reparasjon og inspeksjon.

Vedlikehald av kulvert, samt sikring av utløp, er bebuarane sitt ansvar.

Det er ikkje tillate med bygningar eller andre tiltak på egedomen som kjem i konflikt med kulverten.

## §4 Felles parkeringsplass, FP1

### 4.1 Parkering

Det skal totalt vere to biloppstillingsplassar pr. bustad, samt 0,5 plass pr. bustad til gjesteparkering.

### 4.2 Eksisterande mur

Eksisterande mur på nordvestre del av egedomen skal fjernast for å etablere tilkomst til parkeringsarealet.

Mur fjernast til eksisterande lyktestolpe.

Lyktestolpe skal sikrast før området vert tatt i bruk.